

# Etter eit skirenn

Av Johan Hjorthol

I Velledalen kvar einaste gut  
i vinter har gått med så stor ei sut,  
og det som alltid vart snakka om  
det var den snøen som ikkje kom,  
for skisporten den ligg vårt hjarte nær,  
men det såg mørkt ut for rennet her.  
Vi tenkte å starte frå ungdomshuset  
og dalen sku fyllast av heiabruset,  
men dalen han låg her med nakne bøa,  
som sagt nekta det plent å snøa.  
Vi vona og venta, men tida var omme,  
nysnø målte vi femkvart tomme.  
Du veit vi kunne no få til ein bakke,  
men om langrennsløype det var kje å snakke.

Men så er det lukka at Sykkylven har  
ein liten, smilande koseleg kar,  
og denne han heiter Ole T. Lied,  
og snø kan han ordne til kvar ei tid.  
Ved Nysætervatnet han bygde ei hytte  
og den skulle laget i dag få nytte.  
Der inne var føre og herleg terreng  
og på Fjellsæter får ein den service ein treng.  
Og såleis så drog vi på fjellet i dag  
for å kjempe ut dette store slag.

Men dagen han kom med regn og rusk,  
med snøslaps på fjellet og skodderusk.  
Ved Fjellsæter var det ei fælende røre  
fordi det var slikt eit vanskeleg føre.  
Dei aktive gjekk der og luska og lurde  
og fiska ut kor dei hine smurde.  
Dei smurde og skrapa og smurde på nytt,  
men likevel så vart mange snytt,  
for sume dei glapp og andre dei isa,  
vi hørde ingen som føret prisa.

Ja, det var mange som samlast der framme,  
vi kika ein del på langrennsprogrammet,  
det viste seg då det var kome dygda  
både frå Ørskog og Vaksvikbygda.  
Ørskog må vere ein fruktbar oase  
for folket der er ein merkeleg rase.

I skisport dei alltid er interessert,  
og fortare går dei di eldre dei vert.  
Arvefienden vår, langlo-Stranda,  
dei hadde i dag berre tre for handa,  
men desse grov ikkje stridsøksa ned,  
dei kom ikkje der og tenkte på fred.  
Der var mange frå indre fjorden,  
vi nemner særleg han Gunnar og broren,  
for Bjørdalstrioen er ikkje skral,  
og i klasse D har dei Karl Dal.  
Frå Aure-bygda var òg ein tropp,  
i rennet dei stilte så modig opp.  
Ein skal ikkje gje seg, sjå det er tingen,  
det same sa Johan Strøm ifrå Ringen.  
Her frå dalen gjekk mann av huse,  
skitt la gå og la humla suse,  
om dei andre kanskje har kvaliteten  
skal vi ta prisen i kvantiteten.  
Du veit, vi hadde no Olav P. Hole  
på honom kan vi no alltid stole,  
men Velledalen sitt store håp,  
det var ein store og lange slåp,  
du hørde sikkert eit fole gaul  
for kvar og ein ropte "heia Paul".

Så kom då stunda dei skulle starta,  
vi sto på ein haug og kika på farta.  
Vi såg i løypa så mang ein gut,  
som kunne kunsten å lange ut,  
men likevel trur eg vi seie lyt  
at mange vanta den rette flyt.  
Dei gjekk i løypa og sleit og kava  
og gløymde reint at dei hadde stava,  
men likevel kan vi ingen lasta,  
dei gjekk det dei kunne for dei visste det hasta.  
Dei trong ikkje lenge å løypa runda,  
og så kom den store innkomststunda.

Som førstemann måtte i løypa bale  
norddalsløparen Ivar Dahle.  
Når han likevel greidde gå først i mål  
så har den mannen fortent ei skål.  
Nummer to i mål vart han Peder Alme  
og nokre byrja så smått på ein salme,  
det vart høgtidssamt, det er rart med det,  
for han Peder Alme vann klasse C.  
Om ei lita stund fekk vi tredjemann fretta,  
det var unge Halvard av Bjørdalsætta,  
ja, denne Halvarden vert nok go`  
for i klasse C han vart nummer to.

Sverre Hoel er ein Stranda-mann,  
han rende så fort at han B-klassa vann,  
og han Petter Andreas Langelo  
han vart i A-klassa nummer to.  
Av våre egne gjekk Kaspar med fynd og klem  
og greidde å gå i mål nummer fem,  
og Paul og Olav i klasse B  
plasserte seg nummer to og tre.  
Stranda reiste med tremannspokalen,  
men femmannsprisen vart her i dalen.

Og no er det over og gjort er gjort,  
det var slitsam køyring og travel sport,  
men likevel trur eg vi seie kan  
om rennet i dag at den beste vann.  
Det gjekk vel i dag som det alltid går  
at somme får inkje, andre får.  
For slik vil det alltid vere i sport  
når nokon skal vinne, kjem andre til kort.  
Men difor treng ingen kjenne seg arm  
for det er sporten sin store sjarm:  
I dag er det deg, men i morgon kjem eg,  
både siger og tap kan eg få på min veg.  
Men vi vinn og taper med godt humør,  
i medgang og motgang vi trenar som før.